
Saknr: 2020/49803-1
Saksbehandlar Petter Lem Gullestad
Dato: 05.05.2020

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Tillegg til sak: Søknad om midlertidig fritak

Gunhild Berge Stang har i e-post datert 4. mai 2020 søkt om midlertidig fritak frå sitt verv som folkevald. Saka vart sett på saklista utan saksframlegg i valnemnda 4. mai. Dette notat er utarbeidd for best mogleg opplysning av saka.

Berge Stang opplyser i søknaden at ho frå og med 4. mai skal vere statssekretær i kulturdepartementet. Søknaden om fritak gjeld for den perioden ho er statssekretær i kulturdepartementet.

Av kommunelova § 7-9 følger:

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt.»

Av førearbeida (Prop. 46 L (2017-2018) er om vesentleg-vurderinga sagt at det ikkje skal vere kurant å få fritak. Vidare at vurderinga først og fremst gjeld tilhøve knytt til den folkevalde si helsestilstand, arbeidshøve, familiehøve og andre sterke velferdsgrunner. Fylkesrådmannen si vurdering er at vilkåret er oppfylt, då stillinga som statssekretær ikkje let seg kombinere med Berge Stang sitt verv som folkevald.

Fylkesrådmannen rår til at Berge Stang vert innvilga midlertidig fritak i tråd med søknaden. Fritaket vil då gjelde så lenge ho er statssekretær i kulturdepartementet.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at det vil vere adgang til å gjere suppleringsval, jf. kommunelova § 7-10 (6):

«Hvis antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ som er valgt av kommunestyret eller fylkestinget, er blitt for lavt, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer.»

Vedlegg:
Søknad om midlertidig fritak